

Valdreskvelven spel- og dansarlag

2970 ØYLO

Til medlemmene.

18. september 1986

Vel møtt til ein ny haust- og vintersesong med aktivitetar innan folke-
musikk og dans! Me tek no så smått til å få oversikt over noko av
programmet utover hausten, og eit rundskriv med informasjon om dette er
god Valdreskvelvtradisjon. Me har lagt opp til eit allsidig kursprogram,
og håpar på god oppslutning frå medlemmer og andre.

POLSKURS : Samarbeid med friundervisninga vil me denne hausten ut-
vide danserepertoaret til også å omfatte pols. Dansen er
ikkje akkurat typisk for Vang, men av og til kan ein godt
gå over bekken etter vatn! Så nytt høvet til å lære bygde-
dans frå Østerdalen - Sigrid og Jon Eggen syner oss korleis.
Start 7/10 kl. 19.30 på Åsvang. Kursavgift 150 kroner.

GAMALDANSKURS: Ikkje alle meistrar gamaldansen/runddansen. Men det skal
det bli slutt på frå 4. november. Då startar nemleg kurs
på Åsvang med Bjørg Berge og Kari Hagaseth som lærarar.
Kursavgifta blir 200 raske.

HALLINGKURS : "Lea deg, lea deg gamle Ola", er namnet på ein god halling-
lått, og lea seg i hallingtakt skal det bli høve til denne
hausten både for gamal og ung. Ingar Rønheim og Nils Rogn
deler på opplæringa som startar 8/19 kl. 19.00 på Åsvang.
Kursavgift 100 kroner.

FELEKURS : Trygve Bolstad møter fram att med hardingfela si! Fyrst
underviser han dei unge håpefulle i musikkskula, og seinare
på kvelden blir han med og rettleier i spelemannslaget.
Start 8/10 kl. 19.30 på Åsvang.

LANGELEIKKURS: I langeleikåret 1986 med Spelemannspris og mykje blest,
fylgjer me opp med å skipe til kurs. Oddrun Hegge kjem
over åsen kvar torsdagskveld kl. 19.00. Me held oss til
Åsvang også her, og fyrste gong blir 9/10. Avgift 150 kroner.

Dette meiner me lyt greie seg i haust - når det gjeld kurs. Også denne
hausten må me ha oss ein medlemsfest. Tyinkrysset Fjellstue er plassen,
og laurdag 1. november blir truleg dagen. Me må rekne med ein pris på 80
kroner for middag og kaffe. Gamaldansstafetten vil me prøve å køyre i
gang att. Elles er det planer om å lage til eit program med folkemusikk
og -dans til bruk i skulen (4. - 6. klasse).

For mange av oss blir det stor fest på Valdres Folkemuseum laurdag 4/10
kl. 19.30. Det blir då kombinert oppsummeringsmøte/skalkefest for alle
medhjelparar på Hilmestemnet dei siste åra. Ta med ektemake/venn og meld
dykk på til underteikna innan 1. oktober.

Alt no kan nemnast at Vang sang- og musikkråd har planlagd ei brei musikk-
mønstring i februar 1987. Me håpar at enkeltpersonar og mindre grupper i
i tillegg til spelemannslaget kan stille opp her.

SISTE! Polskurset blir truleg flytt til onsdagskveldane og hallingen til
Thorpe skule. PÅMELDING KURS, JØRN HILME-fest og MEDLEMSFEST til Nils
Rogn tlf. 38000, helst innan 1. oktober.

GOD HAUST!

Styret.